

## 1 **Fylkeskommunen - meir makt til borgarane**

2  
3 Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet ved å tilby  
4 vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i  
5 fylket. Vegsamband og tilrettelegging for verdiskaping, næringsutvikling,  
6 fritidsopplevingar og kultur.

7 Hordaland fylkeskommune tek seg av oppgåver som er for store til at alle kommunar  
8 kan klare dei åleine, eller saker som går på tvers av kommunane.

## 10 **Ein Vestlandsregion**

### 11 **Venstre vil:**

- 12 • Arbeide for endring i fordeling av skatteinntekter slik at ein større del går til det  
13 regionale nivået, der staten får ein tilsvarande reduksjon
- 14 • Gje den nye regionen heilskapleg politisk, fagleg og finansielt ansvar for  
15 oppgåver som i dag ligg til statleg nivå
- 16 • Bidra til at ei nasjonal regionreform vert gjennomført på Vestlandet, der  
17 Hordaland blir ein del av ein større Vestlandsregion

18 Venstre meiner at fylkeskommunen skal erstattast av eit nytt folkevald regionalt nivå  
19 med færre, større og sterkare regionar. Sterke regionar må ha politisk makt og  
20 økonomiske ressursar. Regionane skal vere eit sjølvstendig og fullverdig  
21 forvaltningsnivå, slik kommunane er det på lokalt nivå. Kva konkrete oppgåver ein ny  
22 region skal ha, må sjåast i samanheng med ny kommunestruktur, og all mynde og  
23 forvaltningsoppgåver må vere gjenstand for diskusjon. Makt må kunne flyttast frå  
24 staten til regionane; makt frå dagens fylker må kunne flyttast til kommunenivå.

25 Ein framtidig Vestlandsregion må ha omfang og storleik som er funksjonell i forhold til  
26 dei oppgåvene som skal løysast, og slik at innbyggjarane kan identifisere seg med og  
27 ha eigarskap til regionen.

28 Ein viktig føresetnad for meir lokalt sjølvstyre, er god finansiering. Venstre vil styrke  
29 det regionale nivåa sine moglegheiter for å påverke inntektene, og vil arbeide for at  
30 ein større del av dei samla skatteinntektene går til det regionale nivået.

31 Ei særskilt målsetting med regionreforma må vere å knyte Stavangerregionen og  
32 Bergensregionen tettare saman.

## 34 **Forenkling og fornying**

### 35 **Venstre vil:**

- 36 • Ta initiativ til eit fornyingsprosjekt som har som mål å redusere og forenkle  
37 byråkratiske kontrollsystem
- 38 • Vidareføre arbeidet med å ta i bruk og vidareutvikle digitale løysingar innanfor  
39 opplæringsektoren og i kollektivtilbodet

40 Offentleg sektor treng kontinuerleg fornying for å gje tidsriktige tenestetilbod. Tida  
41 som går med til administrasjon og byråkrati må avgrensast, slik at direkte aktivitet  
42 som kjem innbyggjarane til gode får størst mogleg plass. Samstundes må ein sikra at

1 dei som ikkje nyttar digital kommunikasjon får informasjon og tenester på ein enkel  
2 måte.

3 Papirbaserte løysingar skal veljast aktivt.

4

## 5 **Internasjonalt samarbeid**

6 Hordaland Venstre vil at fylket skal vidareføre europeisk og internasjonalt samarbeid  
7 og nettverksdeltaking, når dette styrker dei fylkeskommunale ansvarsområda. Både  
8 innan samferdsel, opplæring, kultur og helse kan europeiske samarbeidsprogram gje  
9 oss nyttige verkty for å løyse utfordringar på ein betre måte enn om vi skulle handle  
10 åleine.

11 Høve til utveksling innan opplæring, særskilt innan område der Hordaland er unik, må  
12 utvidast og styrkast. Prosjekt- og EØS-midlar må utnyttast strategisk og Hordaland  
13 Venstre vil jobbe for dette i fylket sin internasjonale strategi. Det skjer mykje  
14 innovasjon og utvikling i Europa, til dømes innan samferdselssektoren, som kan vere  
15 svært viktig for fylket og Vestlandet vere orientert om og involvert i.  
16 Nettverkssamarbeid på slike områder vert viktig.

17 Eit godt samarbeid mellom fylkeskommunen og Vest-Norges Brusselkontor er viktig.

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

## 1 **Transport og kommunikasjon**

2  
3 *God infrastruktur er viktig for miljøet og for næringslivet. Eit godt kollektivtilbod er ein føresetnad for berekraftig vekst, særskilt i Bergensregionen, medan trygge vegar og stabile ferjesamband er viktig for distrikta. Venstre vil planlegge alle nye større samferdsleprosjekt i ein større samanheng for regionane.*

7 *Vidare utbygging av digital infrastruktur viktig.*

## 9 **Meir buss og bane**

### 11 **Venstre vil:**

- 12 • ha ein tydeleg strategi for drosjepolitikken
- 13 • Har som mål å fjerne aldersgrensa på Studentskyss samt inkludere nattakst i
- 14 Ungdomsskyss.
- 15 • vurdere å gje ansvaret for kollektivtrafikken til Bergen kommune i samband med
- 16 kommune- og region reforma
- 17 • ruste opp Bergensbanen
- 18 • etablere fleire kollektiv- og sambruksfelt, og gje bussen prioritet i lyskryss
- 19 • vurdere å setje drifta av Vossabanen ut på anbod
- 20 • gje fylkeskommunen ansvaret for drifta av Vossabanen
- 21 • legge til rette for ungdom, og vurdere ungdomskort for ungdomsskuleelevar
- 22 • legge betre til rette for spontan samkjøring
- 23 • at all offentleg transport skal vere universelt utforma
- 24 • leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
- 25 • bygge meir innfartsparkering både kring Bergen og regionsentra ellers i fylket
- 26 • utvide trolley-buss tilbodet og satse på e-bussar
- 27 • redusere talet på takstsonar for buss i heile Hordaland
- 28 • få ned biltrafikken i Bergen med 10 % innan 2020
- 29 • bygge ut Bybanen til alle bydelane i Bergen
- 30 • ha som mål å utvide "trygt heim" ordninga

31  
32 Veksten i talet på reisande i Bergensregionen, og dei folkerike tettstadane må takast

33 med kollektivtransport.  
34 Bybanen må vidareutviklast som hjørnesteinen i kollektivsystemet i Bergen. Det er

35 viktig å sikre ei samhengande utbygging av Bybanen til alle bydelane, og til dei

36 folkerike områda kring Bergen.  
37 Trolleybuss, og moglege batteri/hybrid-versjonar er eit godt, utsleppsfritt supplement

38 til ein bybane, og må bli hovudkonseptet for såkalla "E-buss". E-bussar må utgjere

39 grunnstamma i kollektivnettet der dette vert etablert. Hordaland Venstre er opne for

40 nye og innovative teknologiske løysingar men vil først og fremst utvikle og gjere

1 dagens løysingar best mogleg. Kontrakter må inngåast for såpass lange periodar at  
2 det skaper ei viss forutsigbarheit for operatørane som får oppdraga.  
3  
4 I den nære framtida er det likevel bussen som held fram som arbeidshesten i  
5 kollektivtransporten, særlig utanfor Bergen. Venstre vil redusere talet på takstsoner,  
6 slik at busstilbodet vert enklare å nytte. Det er også viktig at det blir enklast mogleg å  
7 nytte kollektivtransport. Derfor vil vi forenkle billettsystemet, mellom anna ved å gje  
8 folk høve til å velje mellom månadskort med eller utan nattbuss inkludert.  
9  
10 Venstre vil at all kollektivtransport, både bane, buss, og båt, skal vere universelt  
11 utforma.  
12 Det er viktig å etablere gode kollektivvaner i tidleg alder, Venstre ynskjer difor å legge  
13 til rette for ungdom og vurdere ungdomskort og for ungdomsskuleelvar.  
14 For å sikre god framkomst for bussane, vil Venstre ha fleire kollektiv- og  
15 sambruksfelt.  
16 Venstre ynskjer at reisande skal ha færrast mogleg overgangar og at rutetrafikk må  
17 ha gode ordningar med korrespondanse. Det må òg gjelde for gjennomgangstrafikk  
18 som ikkje blir styrt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen må gå i dialog med  
19 aktuelle selskap om å få til eit meir heilskapleg tilbod.  
20  
21 Venstre er for at kollektivtransporten fortsatt blir satt ut på anbod, men miljø og  
22 kvalitet må bli viktigare i anbodskriteria.  
23 For at det skal bli enklare å bytte frå bil til buss, båt eller bane, vil Venstre ha fleire  
24 innfartsparkeringsplassar både i Bergen og i sentrale regionar. Det må òg bli enklare  
25 å nytte seg av tilbod som spontan samkøyring  
26  
27 Å få ned biltrafikken i Bergensområdet er viktig, både for å få ned lokal forureining og  
28 utslepp av farlege klimagassar, og for å få bort køane. Vårt mål er å få ned  
29 biltrafikken med 10 % innan 2020.  
30 Venstre vil vere ein pådrivar for opprusting av Bergensbanen. Reisetida Bergen -  
31 Oslo må bli konkurransedyktig med fly. Ei opprusting av jernbanen mellom Voss og  
32 Bergen må prioriterast. Vi vil vurdere å konkurransesette togdrifta.  
33 Ved endring i takstsonar i Hordaland, bør lokaltoget mellom Voss og Bergen verte ein  
34 del av kollektivtilbodet i fylket. Det er ein føresetnad at staten gjennom eigarskapet i  
35 NSB støtter opp om dette. Strekinga Arna – Bergen sentrum må prioriterast først  
36 Det er naudsynt at framtidig planlegging av infrastruktur gir meir samsvar mellom  
37 arealplanlegging og kollektivsatsing.  
38 Fram til kommunereforma er gjennomført skal ansvaret for kollektivtransporten  
39 framleis ligge hjå fylkeskommunen. Dersom ein gjennomgang av forvaltningsnivåa  
40 sine oppgåver i samband med reforma syner at ansvaret for kollektivtrafikken i større  
41 grad bør leggjast til kommunane, til dømes dei store bykommunane, er det viktig med  
42 eit godt samarbeid mellom kommunane.  
43  
44

## 1 **Trygge og gode vegar**

### 2 **Venstre vil:**

- 3 • prioritere ferjefri, trafikksikker og effektiv kyststamveg
- 4 • byggje ut gang- og sykkelveggar i Hordaland
- 5 • lage ein plan for veglys langs fylkeskommunale skuleveggar
- 6 • arbeide for rassikring, tryggleik og auka standard på fylkesvegane
- 7 • sikre gode vegsamband austover for å trygge kommunikasjon og unngå
- 8 vinterstenging
- 9 • Prioritere god tilkomst til regionssentra, avlastingsveggar og vegprosjekt som er
- 10 svært viktige for næringslivet
- 11 • Sikre tunnelar langs fylkeskommunale skuleveggar med lys
- 12 • alle nye veitrasear i bebygde strøk skal ha gang- og sykkelfelt
- 13 • flytte E39 ut av Bergensdalen
- 14 • sikre kortare reisetid til Bergen og andre regionssentra

15

16 Ferjefri kyststamveg er prioritet nummer ein når det kjem til vegbygging i Hordaland.  
17 Ein effektiv kyststamveg er det viktigaste og mest omfattande næringspolitiske  
18 verkemiddelet for kommunane langs kysten. Venstre vil prioritere reisetid og  
19 samfunnsnytte i val av trasear på strekninga

20

21 På andre vegstrekningar vil Venstre arbeide for rassikring, tryggleikstiltak og auka  
22 standard. Det er naudsynt og arbeida for gode samband mellom aust og vest som  
23 kan sikre god kommunikasjon og unngå vinterstenging så langt råd er. Venstre vil  
24 prioritere betre jernbane mellom aust og vest før ei opprusting av vegsambandet på  
25 same strekninga.

26

27 Fylkesvegane i Hordaland må bli sikrare, og det må leggjast betre til rette for syklistar  
28 og fotgjengarar, mellom anna med betre lystilhøve. Venstre vil få laga ein plan for lys  
29 langs skuleveggar på dei fylkeskommunale vegane. Vi vil og byggje ut gang- og  
30 sykkelvegnettet i fylket.

31

32 Venstre vil ha fortgang i arbeidet med å flytte E39 ut av Bergensdalen, og på den  
33 måten fjerne gjennomgangstrafikk i allereie pressa område. Vi ynskjer at ein ny  
34 Ringveg Aust frå Arna må få innslag sør for Fjøsangerområdet, saman med ei  
35 ferdigstilling av Ringveg Vest byggetrinn 3.

36

37 I samferdslepolitikken er det òg viktig å sikre god tilkomst til regionssentra i fylket.  
38 Kortare reisetid til sentra som Straume, Leirvik, Husnes, Knarvik, Odda,  
39 Norheimsund og Voss – vere seg med bil, båt, buss eller tog – er ei prioritert  
40 oppgåve.

41

1 **Båt- og ferjetransport**

2 **Venstre vil:**

- 3 • ha meir elektrifisering av ferjemateriell der det er mogeleg
- 4 • leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria for både hurtigbåt og ferjer
- 5 • flytte godshamna frå Bergen sentrum

6

7 Venstre vil ha gode ferjesamband i Hordaland. Eit effektivt ferjetilbod der det er  
8 naudsynt, er både god næringspolitikk og god miljøpolitikk. Vi vil fortsette arbeidet  
9 med å redusere utsleppa frå sjøtransporten, og vil auke støtta til pilotprosjekt som til  
10 dømes elektrifisering av ferjemateriell. I krava til driftsselskapa må det leggest større  
11 vekt på auka krav til reduksjon av utslepp.

12

13 Eit effektivt transportsystem på sjø vil redusere biltrafikken. Hurtigbåtane skal fungere  
14 som vanlege bussar, spesielt for arbeidsreiser, kor ein nyttar same billett/kort og  
15 med korresponderande bussar på land

16

17 Venstre har som overordna mål at meir gods må over på bane og sjø. Ei av dei  
18 største transportutfordringar i åra framover er å sikre ei ny og effektiv hamn i  
19 Bergensområdet. Venstre meiner derfor at det er naudsynt å etablere ei ny  
20 godshamn som sikrar at hamna kan flyttast ut av Bergen sentrum

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

# 1 Miljø og klima

## 2 - Ein grøn kurs og eit moderne Hordaland

3 *Klimatiltak er ein billig forsikring for å redusere skader som følge av global*  
4 *oppvarming i framtida. Venstre sitt mål er å gjere Norge til ein leiande nasjon på*  
5 *fornybar energi, klimateknologi og ny teknologi som reduserer Co2 utslipp i olje og*  
6 *gassproduksjonen Venstre vil utnytte muligheten som ligg i grønn innovasjon og*  
7 *fornyning, og bygge framtidsa nye og konkurransedyktige næringsliv*

8

## 9 Klimautfordringane

### 10 Venstre vil:

- 11 • Arbeide for å redusere utslepp av miljøgifter og førekomst av miljøgifter i sjø,  
12 samt være svært restriktive til nye utslepps løyver
- 13 • Auka satsing på utbygging av fornybar energi
- 14 • Videreføre ordninga med miljøfyrtårnsertifisering
- 15 • Prioritere biodrivstoff frå avfall og anna, framfor biodrivstoff laga av mat
- 16 • Revidere fylkesdelplan for vindkraft
- 17 • Elektrifisere bilparken
- 18 • Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi
- 19 • Bygge minst eitt av dei nye fylkeskommunale bygga som eit pluss hus

20

21 Venstre ynskjer at alle kommunane i Hordaland skal bli klimanøytrale og at alle  
22 kommunale og fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka. Slik sikrar me ikkje  
23 berre at Hordaland reduserer klimagassutsleppa sine i høve til våre forpliktingar,  
24 men me sikrar òg at fylket tek steget over i ein konkurransedyktig, framtidsretta grøn  
25 økonomi.

26

27 Dei tre store kjeldene til klimagassutslepp er transportsektoren, industrien, og  
28 bygningar. I Hordaland står bygningar åleine for halvparten av energiforbruket.  
29 Venstre vil ved hjelp av tiltaka frå klimaplanen redusere energiforbruket med 20 %  
30 fram mot 2020. Det viktigaste arbeidet her må gjerast i kommunane.

31

32 Nye bilar eigde av fylkeskommunen bør nytte elektrisitet eller biogass som drivstoff.  
33 Det må også leggjast godt til rette for at privatpersonar kan nytte elbil, også i  
34 distrikta. For å sikre god produksjon av meir fornybar energi vil Venstre ta initiativ til  
35 å revidere fylkesdelplanen for vindkraft, som også ser på moglegheiter for offshore  
36 vindkraft.

37

38 Hordaland er det største vannkraftfylket i Norge. Auka bruk av fornybar energi og  
39 miljøvenlege løysingar krev auka utbygging av infrastrukturen for kraft. For å leggje  
40 til rette for fornybar energi vil Venstre ha ein strategi for å ta vare på  
41 forsyningstryggleiken. Ein slik plan må òg inkludere utfordringane for produsentar av

1 fornybar energi og sektoren sine kunnskapsbehov. Venstre ser at det kan oppstå  
2 motsetnad mellom klassisk naturvern og kampen mot klimaendringane.

3  
4 Me ynskjer nye, framtidsretta retningslinjer for infrastrukturen for kraft i Noreg. Dei  
5 må ta omsyn både til lokalsamfunna sine ynskjer og storsamfunnet sine behov.  
6 Høgspenlinjer i luftspenn der det kjem i konflikt med naturvernomsyn eller  
7 næringsinteresser er ikkje gode løysingar. For å auke delen av fornybar energi som  
8 kan nyttast i eit moderne straumnett vil Venstre stimulere til etablering av  
9 småkraftverk der dette ikkje kjem i konflikt med naturvernomsyn.

## 10 **Naturvern**

### 11 **Venstre vil:**

- 12 • Styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtekne planar og leggje vekt på
- 13 landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- 14 • Kartlegge livsvilkåra til dei store rovdyra i fylket.
- 15 • Ha ei bærekraftig oppdrettsnæring
- 16 • Unngå høgspenlinjer i luftspenn der det kjem i konflikt med særlig viktige
- 17 naturvernomsyn
- 18 • Prioritere vasskraftutbygging med magasin og utbygging der det er naturinngrep
- 19 frå før
- 20 • Halde fram ordninga for å trygga nasjonale laksefjordar og laksevassdrag
- 21 • Legge til rette for utvikling av ny lukka teknologi innan fiskeoppdrett gjennom å
- 22 gjera tilgang til konsensjonar for oppdrett i lukka einingar på land eller i sjø
- 23
- 24
- 25

26 Venstre vil ta vare på det biologiske mangfaldet. Naturen sitt eige verd må ikkje  
27 undervurderast. Venstre ynskjer å jobbe for å få på plass ein plan for  
28 rovdyrforvaltninga i fylket.

29  
30 Venstre meiner oppdrettsnæringa må moderniserast slik at ho vert meir berekraftig  
31 og samstundes opprettheld sin posisjon som ein viktig og konkurransedyktig del av  
32 næringslivet i Hordaland. Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og  
33 rømming av fisk, og satsast meir på forskning og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik  
34 sikrar ein både levekåra for villaksen og sjøauren, og oppdrettsnæringa.

35  
36 Venstre bør ha som mål at Noreg skal ha eit sterkt fokus på dyrevelferd. Det bør  
37 stillast krav til menneske som har dyr i si varetekt, om at dei har kunnskap om dyra  
38 sine åtferdsbehov og krav til ernæring, sosialt og fysisk miljø. Dyr skal haldast i miljø  
39 som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for alle typar  
40 avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for  
41 dyra sin eigenart



## 1 **Næring og kultur**

### 2 **- Eit nyskapande Hordaland**

3  
4 *Vår tid er prega av teknologiske endringar som skjer hurtigare enn nokon gong*  
5 *tidlegare. Difor er eit nyskapande, omstillingsvillig næringsliv ein føresetnad for å*  
6 *sikre arbeidsplassar og velferd i framtida. Det offentlege si rolle er å leggje til rette for*  
7 *utvikling av eksisterande bedrifter og for stimulere til at nye bedrifter vert skapt. For å*  
8 *lukkast meistar det offentlege saman med næringslivet ut overordna strategiar for*  
9 *næringsutvikling. Hordaland fylkeskommune har her ei viktig rolle som regional*  
10 *drivkraft, og støttespelar for kommunane*

## 11 **Næringsutvikling**

12  
13  
14 Venstre vil:

- 15 • Auka satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule
- 16 • Følgje opp nystarta verksemdar med internasjonalt vekstpotensial
- 17 • Styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for enno betre å
- 18 imøtekome behova til næringslivet
- 19 • legge tilrette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode
- 20 føresetnader for vekst og utvikling
- 21 • bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med
- 22 vekstpotensiale
- 23 • prioritere næringsretta verkemiddel til regionale sentre
- 24 • Dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar med
- 25 næringslivet sine behov
- 26 • Stille krav om lærlingar i anbudsprosessar
- 27 • Fortsetje satsinga på inkubatorar og næringshagar
- 28 • Vidareføre arbeide med lokalmat og Hordaland som matkultur region
- 29 • bidra til å leggje til rette for utbygging av fiber i Hordaland

30  
31 Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næring i Noreg, og vil føre ein politikk  
32 som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg  
33 viktig. Ein vesentleg del av elvar med utdanning i entreprenørskap startar eiga  
34 verksemd.

35  
36 Ein god næringspolitikk er avhengig av ein god politikk for kunnskapsutvikling,  
37 forskning og nyetablering. For å få dette til må fylkeskommunen ha eit godt samarbeid  
38 dei høgare utdannings- og forskingsinstitusjonane i fylket. Reiselivssektoren har  
39 lange tradisjonar i Hordland, og står for ein viktig del av verdiskapinga. Venstre vil stø  
40 opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av destinsasjonsselskap, og arbeide for betre  
41 kompetanse i sektoren.

42  
43 Venstre vil og støtte opp om arbeidet med å gjere Hordaland til eit internasjonalt  
44 kraftsenter for marin kompetanse.

## 45 **Landbruk**

46  
47  
48 Venstre vil:

- 49 • Ta i bruk meir av grovfôrressursane i inn- og utmark

1  
2 Landbruket i Hordaland må ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling. Venstre  
3 ynskjer å oppmuntre i aukande grad til økologisk jordbruk, og til utsleppsreduksjon i  
4 jordbrukssektoren. Landbruket utgjer ein viktig del av løysinga på klima- og  
5 energisida, og det er bruk for ei teknologiutvikling som fremjar rein energi og binding  
6 av klimagassar

7  
8 Gardsstrukturen på Vestlandet er slik at det er naudsynt med nytenking og nye idear  
9 for at landbruket skal overleve som ei dynamisk næring

10  
11 Hordaland Venstre vil verne om matjorda og ønsker ikkje at det totale matjordarealet  
12 blir vesentlig lågare dei neste åra. Hordaland Venstre vil jobbe for at det blir enklare å  
13 produsere og omsette lokalprodusert mat.

14  
15 Venstre vil leggje til rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert  
16 landbrukssektor som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og  
17 opplevingar knytte til god mat og drikke.

## 18 19 **Kultur**

20  
21 *Kultur har stor opplevingsverdi for det einskilde mennesket, og er svært viktig for*  
22 *samfunnsidentitet og historiemedvit. Dette må takast omsyn til ved planlegging av*  
23 *bumiljø og vern av naturmiljø. Eit blomstrande kulturliv gir dessutan positiv effekt for*  
24 *næringslivet, og kulturbasert næringsliv er eit viktig satsingsområde i Hordaland.*

## 25 26 **Venstre vil:**

- 27
- 28 • Styrke satsinga på produksjons- og formidlingsmiljø for film på Vestlandet
  - 29 • Legge til rette for verdiskaping knytt til kulturminner
  - 30 • Vidareføre arbeidet med lokale kulturminneplanar i samarbeid med kommunane
  - 31 • Utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i Hordaland
  - 32 • Arbeide for å styrke fokuset på arkitektur i by- og tettstadutvikling
  - 33 • Utvikle samarbeid mellom kulturlivet, FoU og Media City Bergen
  - 34 • Auke andelen nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken, og den
  - 35 kulturelle spaserstokken
  - 36 • styrke Hordaland teater som nynorskarena og kunstinstitusjon
  - 37 • Styrke satsinga på frivillige kulturaktørar
  - 38 • Styrke musea andsynes drift og investering, og arbeide for etablering av
  - 39 museum Nordhordland.
  - 40 • Etablere verdsarvsenter på Bryggen.
  - 41 • Vidareføre satsinga på Hardingfelesenter i Hardanger.
  - 42 • Vidareutvikle biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell- og
  - 43 sosial bakgrunn.

44  
45 Venstre byggjer kulturpolitikken på toleranse og mangfald, og tek utgangspunkt i den  
46 eigenverdi kulturen har for den einskilde og samfunnet. Samstundes legg kultur og  
47 grunnlaget for mykje nærings- og distriktsutvikling i Hordaland.

48

1 Venstre vil arbeide for ei langsiktig kultursatsing i samarbeid med kommunane og  
2 kunst- og kulturinstitusjonane. Hordaland er eit kulturelt tyngdepunkt i nasjonal og  
3 internasjonal samanheng, mykje på grunn av Bergen by. For Venstre er det viktig at  
4 fylkeskommunen tek aktivt del i vidareutviklinga av kulturbyen Bergen. Vidare må  
5 fylkeskommunen prioritera utvikling av attraksjonar, festivalar og kulturbasert  
6 næringsutvikling i heile fylket. Dessutan er kulturminnevern og formidling av  
7 kulturminner svært viktig.

8  
9 Kulturformidling til born og unge er eit satsingsområde for Venstre og den kulturelle  
10 skulesekken er ei viktig verkemiddel. Slik formidling av kulturopplevingar i samarbeid  
11 med lokale og regionale kunst- og kulturoperatørar bør utviklast vidare. Musea er  
12 viktige for å ta vare på og formidle fortida og må difor styrkast.

13  
14 For å sikre uavhengige og godt finansierte kulturinstitusjonar også i framtida, må  
15 fylkeskommunen legge betre til rette for at institusjonane kan utvikle andre  
16 finansieringskjelder, som til dømes private bidrag.

## 17 18 **Idrett og friluftsliv**

### 19 **Venstre vil:**

- 20 • Tilrettelegge minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune
- 21 • Sikre og støtte tilrettelegging av friluftsområde i nærleiken av bustadområde i
- 22 tettstadar og byar.
- 23 • Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper.
- 24 • Støtte anlegg som oppmodar til auka aktivitet hjå barn og unge
- 25 • Tilrettelegge for meir fysiske aktivitet i den vidaregåande skule'
- 26 • Vidareføre det gode samarbeidet med fylket sine to friluftsråd
- 27 • Vidareføre ordninga med partnerskap for Folkehelse.
- 28
- 29

30 Hordalandsnaturen gjev gode høve til friluftsliv og naturopplevingar. Friluftsliv er ei  
31 god kjelde til trivsel og folkehelse. Venstre meiner det er viktig å leggja til rette slik at  
32 alle, inkludert menneske med funksjonshemmingar, lettare kan komme seg ut i  
33 naturen. Me vil støtte idretten mellom anna ved å satsa på gode anlegg.

34  
35 Det er ein utfordring å vri satsing frå å reparere/behandle til å førebygga og  
36 helsefremja. I mange tilfelle er det tale om «friske folk» som det vert satt inn tiltak  
37 mot. Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, anten det er gjennom aktivitet  
38 gjennom idretten eller som aktivitet i friluftslivet.

39  
40 Lågterskeltilbod er tilbod som gjev god effekt for dei som har ei utfordring med å  
41 halda seg fysisk aktive. Det er særst viktig å støtte opp om tilbod med liten eller ingen  
42 terskel for deltaking.

43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50

## 1 **Skule og opplæring**

### 2 **- Fokus på elevane sine ynskje, evner og behov**

3  
4 *Kjernen i den liberale ideologien er fridom til personleg utvikling. Kjelda til den*  
5 *positive fridomen finn ein i utdanninga – det er gjennom skulen at samfunnet gjer dei*  
6 *komande generasjonane i stand til å ta ansvar for sine egne liv, for sine*  
7 *medmenneske og for verda ikring dei. Venstre vil ha ein skule der den einskilde*  
8 *elevan får oppfylt ønskja sine, utvikla sine evner og dekkja behov sine.*  
9

## 10 **Vidaregåande skule**

11  
12 Venstre vil:

- 13
- 14 • Redusere fråfallet i skulen
- 15 • Gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering
- 16 • Auke satsinga på internasjonalisering for elevar i den vidaregåande skulen
- 17 • Arbeide for at fleire friskular deltek i opptakssystemet VIGO
- 18 • Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- 19 • Oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk
- 20 • Ha nært samarbeid med næringslivet for å tilrettelegga linjer tilpassa
- 21 næringslivet sine behov.
- 22 • Foreslå muligheit for eksamen om sommaren, og for dei som ikkje tek
- 23 sommarskule.
- 24 • Vurdere elev- og lærlingombod i samband med evaluering av eksisterande tiltak
- 25 som er sett i verk for redusert fråfall og auka gjennomføring i vidaregåande skule
- 26

27 Politkarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein  
28 best mogleg måte. Me legg difor til grunn at størst mogleg fridom innanfor eit  
29 heilskapleg rådeverk gjennom lovverk og læreplanar er løysinga på utfordringane  
30 den vidaregåande skulen står overfor.

31  
32 Venstre vil gjennomføre dette i praksis ved å auke handlefridomen i skulen. Ordninga  
33 med fritt skuleval for elevane må halde fram. Slik sikrar me både valfridom for den  
34 einskilde, og ei god geografisk spreing av skular i fylket. Friskular er eit tilbod for dei  
35 få, så lenge det ikkje er mange nok av dei å velje mellom, og Venstre er positiv til at  
36 det vert etablert friskular i Hordaland.

37  
38 Om skular ynskjer prøveprosjekt med toppklassar, må dei få høve til det. Alle  
39 læremiddel skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid.

## 42 **Fråfall i vidaregåande skule**

43  
44 **Venstre vil:**

- 45
- 46 • Styrke rådgjevarene sin kompetanse og rolle overfor elevar som treng rådgiving
- 47 om val av studieretning.
- 48 • Legge til rette for alternative vegar til fagbrev gjennom til dømes betre
- 49 informasjon i sjølve søknadsprosessen (VIGO)

- 1 • Prøve ut ordning for elever med særskilde utfordringer som har mista retten til  
2 vidaregåande opplæring.  
3 • Ha ei prøveordning der fylkeskommunen overtek ansvar for skulehelsetenesta i  
4 den vidaregåande skulen.  
5

6 Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor samfunnsutfordring. Allereie på  
7 ungdomsskulenivå kan effektive tiltak setjast i gong for å hindre fråfall i den  
8 vidaregåande skulen. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane er  
9 naudsynt for å hindre fråfallet. Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som  
10 personvernet til elevane vert tatt vare på.  
11

12 Venstre vil og tilby leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.  
13

14 Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane  
15 skal ha ei heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader,  
16 skulane sine tilbod og kva næringslivet treng.  
17

18

## 19 **Yrkesfag**

20

### 21 **Venstre vil:**

22

- 23 • Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og  
24 elevverksemder  
25 • Legge til rette for alternative vegar til fagbrev gjennom til dømes betre  
26 informasjon i sjølve søknadsprosessen (VIGO)  
27 • Jobbe for at alle lærlingar får læreplass  
28 • Ha oppfølging og god kontakt mellom skulen og lærlingane  
29 • Auka satsing på opplæringskontor  
30 • Styrke og utvide ordninga med lære kandidatatar  
31 • Gjere det enklare å starte direkte i lære etter grunnskole, kombinert med faglig  
32 oppfølging  
33

34 Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste  
35 satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei  
36 viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som  
37 utfordringar knytte til fråfall er størst i denne delen av opplæringa.  
38

39 Venstre vil auke fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet  
40 med det lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.  
41

42 Elevar på yrkesfag må verte tilbydde ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til  
43 korleis læretida vert lagt opp, og når ho finn stad. Det må sikrast at alle elevar får  
44 lærlingplass, og oppfølginga av den einssilde lærling må bli betre.  
45

46

47

### 47 **Studieførebuande opplæring**

48

49 Venstre vil:

- 1 • Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- 2 • Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
- 3 • Betre studierådgevinga

4  
5

6 Den studieførebuande opplæringa i Hordaland kan styrkast ved å auke samarbeidet  
7 med dei høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for  
8 skulane å gjere bruk av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes  
9 gjennom å gje skuleelevar høve til å følgje undervisning på høgare nivå.

10

11 Studierådgevinga må bli betre, og ha meir kontakt med utdanningsinstitusjonane og  
12 næringslivet. I tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og  
13 nyetablering, og med det å sikre at elevane er medvitne kring korleis dei skal omsetje  
14 kunnskap til praktisk nytte og eiga utvikling.